

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Mork kraftverk i Lærdal kommune. Søknad om ny planendring.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 16.04.2015, til sakspapira som vi ha lasta ned frå NVE sine nettsider, og til dei tidlegare fråsegnene våre om dei mange ulike planane for bygging av Mork kraftverk.

Generelle synspunkt på planendringssøknaden for Mork kraftverk:

Mork kraftverk er planlagt i eit svært verneverdig vassdrag - Erdalselvi. Heile den øvre delen av vassdraget er verna – og det med god grunn - medan det i verneplanprosessen og vernevedtaket vart opna for kraftutbygging i den nedste delen av vassdraget.

Verneverdiane er store også i dei nedre delane av vassdraget. Når denne nedre delen av vassdraget likevel ikkje vart verna, går vi ut frå at det hadde samanheng med det store kraftproduksjonspotensialet som låg i desse nedre delane. Etersom NVE har mykje betre kunnskap enn oss både om verneverdiane og om grunngevinga for ikkje å verne dei nedre delane, skal vi ikkje utdjupe dette nærare, **men vi oppmodar NVE om å ta ein gjennomgang av dette i samband med handsaminga av den siste planendringssøknaden for Mork kraftverk.**

Den siste planendringssøknaden betyr at denne tidlegare store utbygginga i realiteten vert redusert til eit (stort) småkraftverk. Produksjonen vert redusert frå (ifølgje planendringssøknaden nedst på side 4) ”over 90 GWh” til ein ”årsproduksjon på ca. 44 GWh”. Produksjonen vert med andre ord redusert til litt under halvdelen av det som det pr. i dag er gitt konsesjon til.

Vårt syn er at den planlagde produksjonen i den nye planendringssøknaden no har vorte så låg at fordelane med denne produksjonen ikkje lenger overstig verneverdiane i den nedre delen av vassdraget. **Vi meiner at den nye planendringa betyr eit brot på dei føresetnadane om produksjonspotensialet som vart lagde til grunn då den nedre delen av Erdalselvi vart teken ut av verneplanen. Vårt syn er derfor at den nye planendringssøknaden bør avslåast!** Vi meiner at ein produksjon på berre 44 GWh i eit elvekraftverk er for lite til å ”overtrumfe” dei store verneverdiane i den nedre delen av Erdalselvi. **Vi ber NVE om å vurdere dette spørsmålet grundig i samband med handsaminga av den nye planendringssøknaden!**

Synspunkt på planendingane:

Sjølv om vi heilt klart meiner at planendringssøknaden bør avslåast, vil vi likevel kome med synspunkt på planendingane. Etersom denne store utbygginga no er redusert til å få maskininstallasjonen til eit småkraftverk, **meinar vi at planendringssøknaden no bør handsamast etter dei reglane og retningslinjene som gjeld/er vanlege for småkraftverk. Dette inkluderer mellom anna at minstevassføringane bør fastsettast til 5-persentil sommar og 5-persentil vinter!**



Inntak og inntaksområde: Inntaket vert flytta lenger nedover i elva enn i konsesjonsgitt løysing, slik at ei ca. 800 m kortare elvestrekning vert regulert. Isolert sett er dette ein fordel, men for oss ser det ut som denne fordelten vert meir enn oppvegen av at det skal plasserast ein ganske stor steintipp eit kort stykke oppstrøms det nye inntaket. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring og sett konkret på plasseringane av det nye inntaket og den nye steintippen, skal vi likevel ikkje uttale oss altfor bastant om dette.

Kraftstasjonen: Kraftstasjon i dagen er negativt samanlikna med konsesjonsgitt utbygging. Vi går ut frå at NVE vil stille krav om omløpsventil i kraftstasjonen. Dette reknar vi som "eit standardkrav" når det er anadrom fisk i elva nedstrøms kraftstasjonen.

Deponiområde: Som alt nemnt, er det nye deponiområdet i nærleiken av inntaket, negativt. Deponiområdet i "Grushola" har vi ingen merknader til.

Riggområde: Det mest negative samanlikna med konsesjonsgitt utbygging, er truleg den heilt nye vegen mellom riggområdet ved Ungdomshuset og kraftstasjonen. Denne vegbygginga vil truleg føre til betydelege nye inngrep i nærområdet til elva. Dessutan vil trafikken på den eksisterande gamle vegen nedanfor Ungdomshuset, auke kraftig pga all steintransporten til deponiområdet i "Grushola". Dette kan føre til skadar på vegen. Viss NVE vurderer å gje konsesjon til planendringa, ber vi om at NVE vurderer den auka faren for skadar på den gamle vegen, og at NVE stiller uttrykkelege krav om at den nye vegen langs elva skal fullstendig fjernast, og at området etter utbygging skal tilbakeførast så godt som mogeleg til tilstanden det hadde før utbygginga starta.

Hydrologi – minstevassføring: Dei minstevassføringane som gjeld i den eksisterande konsesjonen, er fastsette med bakgrunn i at dette tidlegare var ei stor utbygging. Ettersom planendringssøknaden no inneheld maskininstallasjonen for ei småkraftutbygging, meiner vi heilt bestemt at viss NVE skulle velje å tilrå konsesjon til planendringa, så må ny minstevassføring fastsettast etter dei reglane og retningslinjene som no er vanlege for småkraftverk, nemleg 5-persentilar. **Det betyr ei minstevassføring om vinteren, 1.10 – 30.04, på 232 l/s, og om sommaren, 1.05 – 30.09, på 1.313 l/s.** Dei minstevassføringane som det no er gitt konsesjon til, er etter vårt syn altfor låge!

Vår konklusjon:

Den nye planendringssøknaden bør avslåast. Produksjonen i kraftverket vert no så liten at ein viktig føresetnad for at den nedre delen av Erdalselvi vart teken ut av verneplanen for vassdrag, etter vårt syn no er broten. Fordelane ved å oppretthalde verneverdiane i den nedre delen av vassdraget vert no høgere enn verdien av den halverte produksjonen.

Viss NVE likevel skulle tilrå å gje konsesjonen til planendringa, må minstevassføringa aukast til 5-persentil sommar og vinter.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05 / 918 22 864, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

